

Vurdering og dokumentasjon i Sogndal Studentbarnehage

Vurdering:

I barnehagen skal vi heile vegen vurdere trivselen og utviklinga til barna. Kvaliteten i samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utvikling og læring. Arbeidet til barnehagen skal vurderast, det vil seie beskrivast, analyserast og tolkast ut frå kriteria i barnehagelova, rammeplanen og eventuelle lokale retningslinjer og planar. Erfaringa og synspunkta til barna skal inngå i vurderingsarbeidet (jf. Rammeplan 2017 s.27).

Dokumentasjon:

Dokumentasjon kan vere eit middel for å få fram ulike oppfatningar og opne for ein kritisk og reflekterande praksis. Læringa til barna og arbeidet til personalet må gjerast synleg. «Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndighetinformasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen» (Rammeplanen 2017 s.39). Ved dokumentasjon av barnegruppa og enkeltbarn, skal eit etisk perspektiv leggjast til grunn, dette med bakgrunn i at barn har rett til vern om sin personlege integritet.

Alt som skal vurderast skal vere objektivt, ikkje vår personlege meining. Tenk situasjonsbilder, meir enn portrettbilder.

Kva tankar har vi i hovudet når vi lagar **vekerapport**:

- Vi lagar minimum to vekerapporter i månaden. Større begivenheter kjem i tillegg.
- Kva har vi gjort denne veka i formelle og uformelle situasjonar?
- Uformelle situasjonar (samspel barn/barn, samspel barn/vaksen)
- Formelle situasjonar (voksenstyrte aktiviteter)
- Sitat må takas ut frå rammeplan og retningslinjer
- Eit godt sitat som barna har sagt, kan vere med. Vær kritisk, eit bilde kan fortelje meir enn ord.
- Fagområdet vi jobbar med den aktuelle perioden skal dokumenterast på ein vekerapport i månaden.
- Vi lagar eit notat (liste i skapet) der vi noterer ned kven som er med på vekerapport.

Kva tankar har vi i hovudet når vi lagar **studentbarnavisa**:

- Det er viktig å vere objektiv.
- Tema og aktivitetar som var planlagt må vurderast i neste avis. Det er viktig å kommentere det vi ikkje rakk. Når vi vurderer skal vi beskrive kva vi gjorde og analysere/tolke korleis opplevinga vart for barna.
- Nb! Unngå gjentakning og subjektive meiningar.
- Styrar har ansvar for felles del. Avdelingane har ansvar for pedagogiske planar/evaluering på avdelinga.
- Styrar lagar ein mal - som alle nyttar slik at layouten blir lik for alle.
- Unngå for mange utklippsbilde. Bruk heller piler.

Kva tankar har vi i hovudet når vi vurderer vårt **daglege arbeid**:

- Kva opplevingar sit barna / personalet att med etter sist veke.
- Kva læringsutbytte har barna hatt gjennom den siste veka.
- Kva gjekk bra / mindre bra.
- Kva må vi / du gjera annleis neste gang?
- Bruk praksisfortelling for å diskutere og reflekter over eigen og andre sin praksis.